



INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

3/17

Juni 2017

Med bl.a.

Fjellandbruk er framtid, fase II



Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ, postmottak@vaga.kommune.no



Tlf. 61 29 36 00

«FJELLANDBRUK ER FRAMTID – matproduksjon på norske fornybare ressursar i Sel og Vågå»

Satsinga som går inn i fase II, fikk i februar innvilga eit tilskott på kr. 300 000 frå bygdeutviklingsmidlane.

Midlane skal bl.a. nyttast til rådgivingstenester til gardbrukarar, arrangement som fagmøte, fagdagar, fagturar m.m.

Hovudmålsettinga er som tidlegare:

- *Auke i matproduksjonen basert på lokale ressursar.*

Det er same styringsgruppe og arbeidsgruppe som i fase I:

Styringsgruppe:	Arbeidsgruppe
Hans Ulmo (leiar) (Bondelaget) Ola Kvarberg (Bondelaget) Hans Petter Vaberg (politikar) Terje Jonny Sveen (politikar) Live Langøygard (Småbrukarlaget) Thomas Stebergløkken (Småbrukarlaget)	Geir Olav Hagen (Nortura) Åse Marit F. Anderssen (Tine) Jan Erik Mæhlum (leiar)(Norsk Landbruksrådgivning(Hans Ulmo (Bondelaget) Kjersti Gutsveen (Småbrukarlaget)



Husdyrgjødseldemonstrasjon på Søre Stae 10. mai

STUDIETUR TIL VINGELEN OG TYNSET

TEMA: UTMARKSBEITING, TORSDAG 6. JULI – 17

08:00 Avreise frå Vågå Skysstasjon

08:30 Avreise frå Sel Samfunnshus

10:45 Vingelen i Tolga kommune

Tilrettelegging for bruk av utmarksbeite for sau og storfe, bruk av inngjerda fellesbeite til storfe. Synfaring i området. Orientering om beiteprosjektet som har vært gjennomført i Vingelen v/ landbrukssjef Kjersti Ane Bredesen

12:30 Lunsj på Bunåva Kafè i Vingelen

14:00 Oppmøte ved Storeng Gård, Tynset.

Gardbrukar Morten og Gøril Storeng. Jorunn Stubsjøen frå Fylkesmannen i Hedmark.

Ny driftsbygning i elementlaft (ammeku)

Kultivering av utmarksbeite til innmarksbeite (tur til setra)

15:30 Bruk av e-sporingseiningar på ammeku i utmarksbeite.

Gardbrukar Norvald Aas Solvang orienterer.

16:00 Heimreise

Bindande påmelding innan måndag 3. juli til:

Landbrukskontoret for Sel og Vågå v/Per-Ivar Weydahl 920 41 410
eller Kjell Hølmo 970 11 743

Eigenandel, kr 250, blir etterfakturert.

Det er ein del møte og faglege opplegg på gang utover hausten:

- Fagtur til Østerdalen – gjerde- og beiteproblematikk
- Veterinærkveld – ammeku
- Landbruk og reiseliv
- Økologisk bær- og grønsaksproduksjon
- Markdag grovforproduksjon
- Fagdag pløying



AMMEKU


I fase ein var det var det mykje fokus på auka kjøtproduksjon basert på lokale grovfôrressursar. Det er fleire som er nystarta med ammeku og vi har etablert eit spesielt oppfølgingsopplegg for denne gruppa.

I samarbeid med Nortura vil det bli fleire møte der ammekuproduksjon er tema, ammekuskule, ei oppfølging av møte i fjor haust. Detaljert program vil kome utover hausten.



BYGDEMØTE

Det vil bli arrangert bygdemøte i ulike delar av Sel og Vågå utover seinhausten, mykje over same lesten som i 2016. Vi vil på desse møta ha aktuelle jordbruksfaglege tema, orienteringar, døme/moglegheiter henta frå andre kommunar m.m. Det vil bli utarbeida detaljert program.



STØTTE TIL RÅDGJEVING

Ein bolk i satsinga er støtte til gardbrukarar som får fagleg rådgjeving.

I satsinga er det lagt opp til at det skal løyvast støtte direkte til gardbrukarar som treng/får rådgjeving i tråd med målsettinga for satsinga; auka matproduksjon, nye produkt, marknadar osb. Det er avsett kr. 200 000,- til rådgjeving.

- Det kan gjevast støtte til rådgjeving frå den tradisjonelle rådgjevingstenesta som bl.a. TINE, Nortura og NLR.
- Rådgjeving i samband med oppstart av ein produksjon
- Forprosjekt omlegging frå ein produksjon til ein annan
- Utarbeiding av Ørt/driftsplan i samband med endring/utviding av produksjon
- Utarbeiding av bygningsteikningar i samband med endringar/utviding av produksjon

Døme: Frå mjølkeproduksjon til ammeku
Frå mjølk til sau
Oppstart/omlegging/utviding av tilleggsnæring

I prosjektsøknaden er følgjande nemnt ift. rådgjeving:

- Nortura (kjøtproduksjon, bygg, fôring, stell m.m.)
- TINE (mjølk-/kjøtproduksjon, fôring, bygg, økonomi)
- Norsk Landbruksrådgiving (bygg, agronomi, mekanisering, bær/grønsaker)
- Kompetansmiljø innafor regnskapsrådgjeving og landbruksrelatert juss i samband med planlegging av overdraging/generasjonsskifte/investering m.m.
- Fossekall (bedriftsrådgjeving)
- Innovasjon Norge (etableraropplæring)
- Gudbrandsdalsmat

Det kan gjevast støtte til dokumenterte kostnadar, 50 % av kostnadane, inntil kr. 5 000,-

Det skal vere ein låg terskel for å søkje. Det er utarbeidd

søknadsskjema som de kan få på Landbrukskontoret. Søknad sendast til Landbrukskontoret for Sel og Vågå, Edvard Stormsv. 2, 2680 Vågå, e-post posttmottak@vaga.kommune.no.

Utbetaling skjer mot dokumentasjon på kostnader.

Dersom det blir for lite midlar vil det måtte gjerast ei prioritering av søknadene.



Frå husdyrgjødselselfagdag, Nitromax 500, nedfellingsutstyr frå Siljehaugen på Dovre

AVLINGSSKADEERSTATNING

Jordbruksføretak kan få erstatning for å redusere økonomiske tap ved klimabetinga svikt i plante- eller honningproduksjon. Ordninga gjeld berre skader som er forårsaka av klimatiske tilhøve (veret).

Det er eit krav at du melder frå om den klimatiske skada til kommunen «uten ugrunna opphald». Det betyr at du må gi melding med ein gong du blir klar over at du kan få svikt i produksjonen samanlikna med eit normalår. Du må melde frå før innhausting.

KOMMUNALT LANDBRUKSFOND

Kommunestyret i Sel fatta tidlegare i sommar vedtak om tilleggsløyving på kr. 350 000,- til landbruksfondet. Dette p.g.a. at det gjennom fleire år har kome søknadar om tilskottsmidlar som har overstigi dei årlege løyvingane.

Dette betyr at vi vil kome ajour med søknadane. Vi vil spesielt minne om det «nye» tilskottsområdet «mindre investeringar til utbetring/ombygging av driftsbygningar»:

Det blir gjeve støtte på inntil 30 % av kostnadsoverslag maksimalt kr. 30 000 i støtte til mindre investeringar til utbetring/ ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge:

Heile ordninga med kommunalt tilskottsfond med regelverk ligg på heimesidene til Sel og Vågå.



Stripespreiing i kaldt vårvêr

GOD SOMMAR!



~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ~~

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,
e-post: per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Kjell Hølmo, tlf. 61 29 36 79/970 11743,
e-post: kjell.holmo@vaga.kommune.no

Jan Teigen, tlf. 61 29 36 78/ 994 51 073
e-post: jan.teigen@vaga.kommune.no

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,
e-post: per.ekre@vaga.kommune.no

Iris Dalseg, tlf. 61 29 36 49,
e-post: iris.dalseg@vaga.kommune.no

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 61 29 36 75/97 19 40 15, e-post: ol@mjosen.no

Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:
Ola Lusæter og Ivar Ulsand